



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 81

(2003–2004)

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 803/2004/EF av 21. april 2004 om Fellesskapet sitt handlingsprogram for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet)

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 2. juli 2004,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Bakgrunn

EU-programmet om tiltak for å hindre vald mot barn, ungdom og kvinner og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II) vart formelt vedteke i EU 21. april 2004 ved europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 803/2004/EF. Programmet skal vare i tidsrommet 2004–2008.

Daphne II er ei vidareføring av det første Daphne-programmet som omfatta tidsrommet 2000–2003. Daphne I medverka til å auke det fokuset medlemsstatane har på motkjemping av vald og på å skape samarbeid mellom ulike europeiske organisasjonar som arbeider for å hindre vald. Prosjekta som mottok støtte frå programmet, har medverka til auka aktivitet mot vald blant organisasjonar og institusjonar i Europa. Vidare gav Daphne I ein solid medverknad til kampen mot menneskesmugling, kvinneleg kjønnskamfaring, seksuelt misbruk og pornografi.

Daphne II har som målsetjing å medverke til auka vern av fysisk og psykisk helse og til å støtte ikkje-statlege organisasjonar og offentlege organisasjonar som arbeider mot vald. Programmet vil gje støtte til prosjekt som medverkar til skiping av samarbeid over landegrensene og tverrfaglege nett. Daphne II vil medverke ytterlegare til å identifisere god praksis ved å oppmuntre til fornying og utveksling av relevant informasjon. Vidare vil det verte utveksla gode røynsler om til dømes kva tiltak som er gjorde, og kva metodereiskapar og samarbeidsformer som er utvikla, og det vil verte medverka til at desse vert tilpassa og iverksett i nye samanhenger.

Norsk deltaking i programmet gjer det naudsynt med budsjettvedtak over fem år, og i samsvar med § 26 andre leddet i Grunnlova er det difor naudsynt med Stortinget sitt samtykke til deltaking i avgjerda i EØS-komiteen. Med sikte på at Noreg skal kunne ta del i programmet så tidleg som råd, er det lagt opp til at stortingsproposisjonen vert fremja før avgjerda vert teken i EØS-komiteen.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 803/2004/EF av 21. april 2004 om Fellesskapet sitt handlingsprogram for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet)

Utkastet til avgjerd i EØS-komiteen og uoffisiell norsk omsetjing av europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 803/2004/EF følgjer som trykte vedlegg til proposisjonen.

2 Nærmare om Daphne II

Daphne II har som føremål å medverke til å gje godt vern mot vald, medrekna sikring av fysisk og psykisk helse. Dette skal for det første skje ved å hindre og førebyggje alle former for vald mot barn, ungdom og kvinner, anten valden skjer offentleg eller privat, og for det andre ved å gje støtte til valdsoffer, medrekna vern mot framtidig vald. I tillegg skal det skipast behandlingstilbod for overgripingar og valdsutøvarar. Daphne II skal dessutan støtte og oppmuntre både frivillige og andre offentlege organisasjonar som arbeider mot vald. Tiltaka skal medverke til skiping av samarbeid over landegrensene ved å fastleggje tverrfaglege nett og sikre informasjonsflyt og utveksling av røynslar. Dette vil auke medvitet rundt valdsproblematikken. Vidare skal det gjennomførast såkalla utfyllande tiltak i regi av Europakommisjonen. Det kan til dømes vere studium, seminar og ekspertmøte, med sikte på å kartlegge omfang, utvikle indikatorar for å måle verdien av tiltak og politikk, og å identifisere nye tendensar og problemområde.

Både private og offentlege organisasjonar, universitet, forskingsinstitusjonar og andre institusjonar på lokalt plan som driv verksemd på dette området, kan søkje om midlar til prosjekt. For å ha rett til støtte må prosjekta omfatte minst to land og ikkje vare lenger enn to år. Europakommisjonen skal, i nært samarbeid med medlemsstatane, sikre iverksetjinga av programmet. Eit utval som er sammensett av representantar frå kvar stat som tek del i programmet, vil rettleie Europakommisjonen i samband med styringa av programmet. Europakommisjonen skal samarbeide med institusjonar og organisasjonar som driv verksemd for å hindre vald og hjelpe ofra for vald. Det vert særleg teke sikte på å oppmode til tverrnasjonalt samarbeid mellom frivillige og nasjonale, regionale og lokale styresmakter.

Den norske deltakinga i Daphne II har som mål å aktivisere fleire frivillige og offentlege organisasjonar til å delta som koordinatarar eller som partnarar. Europakommisjonen vurderer nøye søknadene om midlar, og dette stiller store krav til organisasjonane når det gjeld forarbeid og utforming av søknadene. Partnerskap mellom organisasjonane viser seg å vere nyttig, mellom anna fordi fagfelt vert haldne ved lag og vidareutvikla både nasjonalt og internasjonalt. Likestillingssenteret koordinerte frå 2002 arbeidet med formidling av informasjon og

hjelp til aktuelle søkjarar, medrekna informasjon om at det er mogleg å delta som partnar i prosjekt som er koordinerte frå andre statar. Ansvar for koordineringa ved deltaking i Daphne II vil skje i samråd med dei samfinansierende departementa.

3 Konstitusjonelle tilhøve

Ettersom den norske deltakinga i programmet inneber økonomiske utgifter av ein viss storleik som skal finansierast over fleire år, må Stortinget gje samtykke til deltaking i avgjerda i EØS-komiteen, jf. § 26 andre leddet i Grunnlova.

For å hindre at Noreg seinkar iverksetjinga av avgjerda, og for å gjere det mogleg for EØS/EFTA-statane å ta del i programmet så tidleg som råd, gjer Regjeringa framlegg om at Stortinget gjev sitt samtykke før avgjerda vert teken i EØS-komiteen. Det vil dermed ikkje vere naudsynt for Noreg å ta atterhald for konstitusjonelle prosedyrar ved vedtakinga. Det er ikkje venta at det vil kome endringar i utkastet til avgjerda i EØS-komiteen. Dersom den endelege avgjerda syner stort avvik frå det utkastet som er lagt fram i denne proposisjonen, vil saka verte lagd fram for Stortinget på nytt. Det er venta ei avgjerd i EØS-komiteen tidleg på hausten 2004.

4 Avgjerda i EØS-komiteen

Med sikte på deltaking frå EØS/EFTA-statane i EU-programmet Daphne II vil avgjerda i EØS-komiteen innehalde ei innleiing og tre artiklar. I innleiinga vert det vist til artikkel 86 og 98 i EØS-avtala, som gjer det mogleg for EØS-komiteen å endre vedlegga til avtala gjennom avgjerd i EØS-komiteen.

Artikkel 1 slår fast at protokoll 31 får ei tilføyning om at samarbeidet vert utvida til å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 803/2004 av 21. april 2004.

Artikkel 2 føreset at europaparlaments- og rådsavgjerda tek til å gjelde frå 1. januar 2004 på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar i medhald av artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala.

Artikkel 3 slår fast at avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

5 Administrative og økonomiske konsekvensar

Det totale budsjettet for dette femårige programmet er på 50 millionar euro. For 2004 er budsjettet

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 803/2004/EF av 21. april 2004 om Fellesskapet sitt handlingsprogram for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet)

på 8,4 millionar euro. Det er lagt opp til at EØS/EF-TA-statane skal koste 2,19 prosent av det totale budsjettet. For Noreg sin del vil løyvinga utgjere litt mindre enn 1,1 millionar euro for tidsrommet 2004–2008 (rundt 9 millionar kroner med den noverande kursen der 1 euro = 8,5 NOK). Det vil seie at Noreg sin del i gjennomsnitt vil vere på 1,8 millionar kroner per år i programperioden. For 2004 er EØS/EFTA-budsjettet på 183 960 euro. Noreg sin del av dette er om lag 1,5 millionar kroner for 2004.

Det er sett av midlar til norsk deltaking for 2004 på Barne- og familiedepartementet sitt budsjett (Kap. 857, post 79). Det vert ei samfinansiering av den norske deltakinga i programmet mellom Barne- og familiedepartementet, Helsedepartementet, Justis- og politidepartementet og Sosialdepartementet for tidsrommet 2005–2008. Departementa er vortne samde om følgjande fordelingsnøkkel i høve til det finansielle ansvaret til kvart einskilt departement: Barne- og familiedepartementet (34 %), Helsedepartementet (30 %), Justis- og politidepartementet (30 %) og Sosialdepartementet (6 %).

Det er ingen direkte nasjonale kvoter når det gjeld tildeling av prosjektmidlar. Private organisasjonar, etatar og sentrale og lokale styresmakter i Noreg kan søkje om delfinansiering av prosjektet med opptil 80 prosent.

Gjennomføringa i norsk rett gjer det ikkje naudsynt med lov- eller forskriftsendring.

6 Konklusjon og tilråding

Gjennom deltaking i Daphne II vil arbeidet med å hindre og førebyggje alle former for vald mot barn,

ungdom og kvinner verte vidareført. Røynslene frå det første Daphne-programmet har vore positive. Noreg har teke del i fleire prosjekt, og dette har vore nyttig i høve til arbeidet mot vald. Vidare er det viktig at Noreg viser eit europeisk engasjement. Gjennom deltaking i Daphne II kan Noreg gje og motta impulsar frå andre statar i Europa når det gjeld arbeidet mot vald. Daphne II kan såleis vere eit verkemiddel for å fastsetje eit godt samarbeid mellom Noreg og andre statar i Europa for å hindre vald. Barne- og familiedepartementet tilrår difor at Noreg tek del i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 803/2004/EF av 21. april 2004 om Fellesskapet sitt handlingsprogram for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet). Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 803/2004/EF av 21. april 2004 om Fellesskapet sitt handlingsprogram for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bede om å gjere vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 803/2004/EF av 21. april 2004 om Fellesskapet sitt handlingsprogram for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet), i samsvar med eit vedlagt forslag.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 803/2004/EF av 21. april 2004 om Fellesskapet sitt handlingsprogram for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet)

Forslag

til vedtak om samtykke til deltaking ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 803/2004/EF av 21. april 2004 om Fellesskapet sitt handlingsprogram for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet)

I

Stortinget gjev samtykke til at Noreg tek del i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 803/2004/EF av 21. april 2004 om

Fellesskapet sitt handlingsprogram for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet).

Vedlegg 1

Utkast (3.3.2004) Avgjerd i EØS-komiteen nr. [...] av [...] om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommene

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla «avtala», særleg artikkel 86 og 98, og på følgjande bakgrunn:

1. Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. .../... av ...⁽¹⁾
2. Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerd nr. XXX/ 200Å/EF av DD.MM.ÅÅÅÅ om vedtaking av eit fellesskapshandlingsprogram (2004–2008) for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne valdsoffer og risikogrupper (Daphne II-programmet)⁽²⁾
3. Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå DD.MM.ÅÅÅÅ –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I protokoll 31 artikkel 5 i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Nr. 5 skal lyde:
«EFTA-statene skal delta i fellesskapsprogrammene og -tiltakene nevnt i de to første strekpunktene i nr. 8 frå 1. januar 1996, i programmet nevnt i tredje strekpunkt frå 1. januar 2000, i programmet nevnt i fjerde strekpunkt frå 1. januar 2001, i programmene nevnt i femte og sjette

te strekpunkt frå 1. januar 2002 og i programmene nevnt i sjuende og åttende strekpunkt frå DD.MM. 200 Å.»

2. I nr. 8 skal nytt strekpunkt lyde:

– «**3200Y D XXXX**: Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. XXX/200Å/EF av DD.MM.ÅÅÅÅ om vedtaking av eit fellesskapshandlingsprogram (2004–2008) for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne valdsoffer og risikogrupper (Daphne II-programmet) (TEU L NNN av DD.MM.ÅÅÅÅ, s. S).»

Artikkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala⁽³⁾

Avgjerda skal nyttast frå DD MM ÅÅÅÅ.

Artikkel 3

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfjerda i Brussel, [...].

For EØS-komiteen
Formann

[...]
[...]

⁽¹⁾ TEU L ...

⁽²⁾ TEU L NNN av DD.MM.200Å, s. S.

⁽³⁾ [Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.] [Forfatningsrettslege krav oppgjevne.]

Vedlegg 2

Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 803/2004/EF av 21. april 2004 om vedtaking av eit fellesskaps-handlingsprogram (2004–2008) for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 152, med tilvising til framlegget frå Kommisjonen, med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾, med tilvising til fråsegna frå Regionutvalet⁽²⁾, etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten⁽³⁾, og ut frå desse synsmåtane:

1. Fysisk, seksuell og psykologisk vald mot barn, ungdom og kvinner, medrekna trugsmål om slike handlingar, tvang eller vilkårleg fridoms-krenking, anten det skjer offentleg eller i privatlivet, krenkjer retten deira til liv, tryggleik, fri-dom, vørndnad og fysisk og kjenslemessig integritet, og er eit alvorleg trugsmål mot den fysiske og mentale helsa til ofra for slik vald. Verknadene av slik vald er så utbreidde i heile Fellesskapet at dei utgjer eit alvorleg helseproblem og eit hinder for at borgarane kan nytte seg av rettane sine på ein trygg, fri og rettviss måte.
2. Det er viktig og naudsynt å sannkjenne dei alvorlege verknadene, både på kort og på lengre sikt, som vald har på helsa og på den psykologiske og sosiale utviklinga til einskildpersonar, familiar og lokalsamfunn og på like høve for dei det gjeld, og på dei høge sosiale og økonomiske kostnadene for heile samfunnet.
3. Verdhelseorganisasjonen har definert helse som ein tilstand av fullstendig fysisk, psykisk og sosial velferd, og ikkje berre som fråvær av sjukdom eller vanhelse. I ein resolusjon som

vart vedteken på den 49. generalforsamlinga til Verdhelseorganisasjonen i Genève i 1996, vert det slått fast at vald er eit av dei største problema for folkehelsa i heile verda. Ein rapport om vald og helse som vart lagd fram av Verdhelseorganisasjonen i Brussel 3. oktober 2002, tilrår fremjing av primære førebyggjande tiltak, styrking av tiltak til støtte for valdsoffer og ein auke av samarbeidet og utvekslinga av informasjon om førebygging av vald.

4. Desse prinsippa er sannkjende i fleire konvensjonar, fråsegner og protokollar frå dei viktigaste internasjonale organisasjonane og institusjonar som til dømes Dei sameinte nasjonane, Den internasjonale arbeidsorganisasjonen, verdskonferansen om kvinner og verdskongressen mot kommersiell seksuell utnytting av barn. Kommisjonen bør utfylle dette viktige arbeidet som internasjonale organisasjonar utfører. I samsvar med artikkel 3 nr. 1 bokstav p) i traktaten skal tiltaka til Fellesskapet nettopp medverke til å oppnå eit høgt nivå for helsevern.
5. I Pakta til Den europeiske unionen om grunnleggjande rettar⁽⁴⁾ vert mellom anna retten til vørndnad, likskap og solidaritet stadfesta på nytt. Ho omfattar ei rekkje særskilde føreseigner for å verne og fremje fysisk og mental integritet, likestilling mellom menn og kvinner, rettane til barnet og lik handsaming, i tillegg til å forby umenneskeleg eller vanærande hansaming, slaveri, tvangsarbeid og barnarbeid.
6. Europaparlamentet har oppmoda Kommisjonen om å utarbeide og gjennomføre handlingsprogram for å motkjempe slik vald, mellom anna i resolusjonane sine av høvesvis 19. mai 2000 om

⁽¹⁾ TEU L ...

⁽²⁾ TEU L NNN av DD.MM.200Å, s. S.

⁽³⁾ [Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.] [Forfatningsrettslege krav oppgjevne.]

⁽⁴⁾ TEF C 364 av 18.12.2000, s. 1.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 803/2004/EF av 21. april 2004 om Fellesskapet sitt handlingsprogram for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet)

- meldinga frå Kommisjonen til Rådet og Europa-parlamentet om «nye tiltak i kampen mot handel med kvinner»⁽⁵⁾ og 20. september 2001 om kvinneleg kjønnskamfaring⁽⁶⁾.
7. Handlingsprogrammet som vart fastsett ved europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 293/2000/EF av 24. januar 2000 om vedtaking av eit fellesskapshandlingsprogram (Daphne-programmet) (2000–2003) om førebyggjande tiltak for å kjempe mot vald mot barn, ungdom og kvinner⁽⁷⁾, har medverka til å auke medvitet innanfor Den europeiske unionen, og til å styrkje samarbeidet mellom dei organisasjonane i medlemsstatane som kjempar mot vald.
8. Daphne-programmet har fått ei overveldande mottaking, og stettar eit sterkt ønske innanfor den frivillige sektoren. Dei prosjekta som er finansierte, har alt fått mangfaldiggjerande verknader for ikkje-statlege organisasjonar i Europa. Programmet har alt medverka monaleg til utviklinga av ein EU-politikk med omsyn til motkjemping av vald, menneskehandel, seksuelt misbruk og pornografi, med verknader langt utover grensene til Den europeiske unionen, slik det er nemnt i midvegsrapporten om Daphne-programmet.
9. I resolusjonen sin av 4. september 2002 om midtvegsvurderinga av Daphne-programmet⁽⁸⁾ strekar Europaparlamentet under at Daphne-programmet stettar det grunnleggjande kravet om effektive strategiar for å motkjempe vald, og at programmet bør førast vidare etter 2003, og oppmodar Kommisjonen til å gjere framlegg om eit nytt handlingsprogram som byggjer på alle dei røynslene som er gjorde sidan 1997, og som vert tildelt høveleg finansiering.
10. Det er ønskjeleg å sikre kontinuiteten for dei prosjekta som får støtte gjennom Daphne-programmet, slik at dei kan byggje vidare på dei røynslene som er gjorde, og gjere det mogleg å fremje europeiske tiltak på grunnlag av desse røynslene; for dette føremålet er det naudsynt å fastsetje den andre fasen av programmet, heretter kalla «Daphne II-programmet».
11. Fellesskapet kan tilføre dei tiltaka som først og fremst medlemsstatane skal gjennomføre, ein tilleggsverdi med omsyn til å førebyggje vald, medrekna misbruk og seksuell utnytting av barn, ungdom og kvinner, i tillegg til vern av offer og risikogrupper, gjennom spreining og utveksling av opplysningar og røynsler, fremjing av ein nyskapande strategi, felles fastlegging av prioriteringar, utvikling av nett der dette er føremålstenleg, utveljing av prosjekt på fellesskapsplan og motivering og mobilisering av alle dei partane som det gjeld. Desse tiltaka bør òg omfatte barn og kvinner som er komne til ein medlemsstat som følgje av menneskehandel. Fellesskapet kan òg identifisere og stimulere til god praksis.
12. Dette Daphne II-programmet kan tilføre ein tilleggsverdi ved å identifisere og stimulere til god praksis ved å oppmuntre til nyskaping og ved at det vert utveksla røynsler frå tiltak som er gjorde i medlemsstatane, medrekna utveksling av opplysningar om ulike lovgeving, ulike sanksjonar og om dei resultata som er oppnådde. For å verkeleggjere måla med dette programmet og nytte dei tilgjengelege ressursane mest mogleg effektivt, må det leggjast stor vekt på utveljinga av tiltaksområde ved at det innanfor ramma av ein tverrfagleg metode vert valt ut prosjekt som kan tilføre Fellesskapet ein større tilleggsverdi, og som kan vise veg når det gjeld utprøving og spreining av nyskapande idear for å førebyggje og motkjempe vald.
13. Ettersom måla for det framlagde tiltaket, nemleg å førebyggje og motkjempe alle former for vald mot barn, ungdom og kvinner, ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane fordi det trengst ein samordna og tverrfagleg metode som fremjar fastsetjinga av tverrnasjonale rammer for utdanning, informasjon, granskingar, utveksling av god praksis og utveljing av fellesskapsprosjekt, og difor betre kan nåast på fellesskapsplan, kan Fellesskapet vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje denne avgjerda lenger enn det som er naudsynt for å nå desse måla.
14. Daphne II-programmet bør gjelde i fem år, slik at det vert nok tid til å gjennomføre tiltaka og nå dei måla som er fastsette, og til å lære av og samle dei røynslene som er gjorde, og integrere dei i god praksis i Den europeiske unionen.
15. Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre dette vedtaket, bør vedtakast i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommisjonen⁽⁹⁾.

⁽⁵⁾ TEF C 59 av 23.2.2001, s. 307.

⁽⁶⁾ TEF C 77 E av 28.3.2002, s. 126.

⁽⁷⁾ TEF L 34 av 9.2.2000, s. 1.

⁽⁸⁾ TEU C 272 E av 13.11.2003, s. 390.

⁽⁹⁾ TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 803/2004/EF av 21. april 2004 om Fellesskapet sitt handlingsprogram for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet)

16. I denne avgjerda er det for heile det tidsrommet som programmet varer, fastsett ei finansiell ramme som utgjer det viktigaste referansegrunnlaget for budsjettstyresmakta ved den årlege budsjetthandsaminga, slik det er definert i nr. 33 i den tverrinstitusjonelle avtala av 6. mai 1999 mellom Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen om budsjettdisiplin og betre budsjetthandsaming⁽¹⁰⁾ –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Mål og verkeområde

Den andre fasen av Daphne-programmet for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper («Daphne II-programmet») vert fastsett for tidsrommet 1. januar 2004–31. desember 2008. Programmet kan lengjast.

I Daphne II-programmet tyder «barn» ungdom opptil 18 år, i samsvar med internasjonale dokument om rettane til barnet.

Prosjekt med tiltak som er spesielt utforma for mottakargrupper som til dømes «tenåringar» (13–19 år) eller personar mellom 12 og 25 år, skal likevel reknast for å vere retta mot gruppa «ungdom».

Artikkel 2

Måla med programmet

1. Daphne II-programmet skal medverke til å nå det overordna målet om å gje borgarane ein høg grad av vern mot vald, medrekna vern av fysisk og mental helse. Målet med dette programmet er å førebyggje og motkjempe alle former for vald mot barn, ungdom og kvinner, anten det skjer offentleg eller i privatlivet, ved å gjere føbyggjande tiltak og ved å gje støtte til offer og risikogrupper, og særleg hindre at dei vert utsette for vald i framtida. Føremålet er likeins å støtte og oppmuntre ikkje-statlege organisasjonar og andre organisasjonar som driv verksemd på dette området.
2. Dei tiltaka som skal gjennomførast innanfor ramma av Daphne II-programmet, og som er førde opp i vedlegget, tek sikte på fremjing av
 - a) tverrnasjonale tiltak:
 - i. for å skipe tverrfaglege nett, særleg til støtte for valdsoffer og risikogrupper,
 - ii. for å sikre ei utviding av kunnskapsbasen, utveksling av opplysningar og iden-

tifisering og spreing av god praksis gjennom mellom anna utdanning, studievitjingar og utveksling av personale,

- iii. for å auke medvitet om vald i målgrupper som til dømes særskilde yrkesgrupper, rette styresmakter og visse sektorar blant ålmenta, med sikte på å betre forståinga av og fremje vedtakinga av full fordømming av vald, og for å fremje støtta til offer og rapportering av valdssakar til dei rette styresmaktene,
- iv. for å granske valdsrelaterte fenomen og moglege metodar for å førebyggje dei, og studere og motkjempe dei grunnleggjande årsakene til vald på alle samfunnsplan,
- b) og gjennomføring av utfyllande tiltak, på initiativ frå Kommisjonen, som til dømes granskingar, utarbeiding av indikatorar, innsamling av data, statistikk inndelt etter kjønn og alder, seminar og møte med sakkunnige eller anna verksemd for å styrkje kunnskapsbasen i programmet og for å spreie dei opplysningane som er samla inn innanfor ramma av dette programmet.

Artikkel 3

Deltaking i programmet

1. Daphne II-programmet er ope for deltaking for offentlege eller private institusjonar (lokale styresmakter på høveleg nivå, universitetsinstitusjonar og forskningssenter) som arbeider for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner eller gje vern mot slik vald, for å gje støtte til offer, for å gjennomføre målretta tiltak for å fremje fordømminga av slik vald eller for å oppmuntre til haldnings- og åtferdsendring overfor sårbare grupper og valdsoffer.
2. Programmet er òg ope for deltaking for
 - a) tilmeldingsstatar som skreiv under tilmeldingstraktaten 16. april 2003,
 - b) EFTA-EØS-statane i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i EØS-avtala,
 - c) Romania og Bulgaria, i samsvar med dei vilkåra for deltaking som skal fastsetjast i samsvar med dei høvesvise europeiske avtalene, i tilleggssprotokollane deira og i avgjerdene til dei høvesvise assosieringsråda,
 - d) Tyrkia, i samsvar med dei vilkåra for deltaking som skal fastsetjast i samsvar med rammeavtala mellom Det europeiske fellesskapet og Republikken Tyrkia om dei generelle prinsippa om deltakinga til Republikken Tyrkia i fellesskapsprogram⁽¹¹⁾.

⁽¹⁰⁾ TEF C 172 av 18.6.1999, s. 1. Avtala endra ved europaparlaments- og rådsavgjerd 2003/429/EF (TEU L 147 av 14.6.2003, s. 25).

⁽¹¹⁾ TEF L 61 av 2.3.2002, s. 29.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 803/2004/EF av 21. april 2004 om Fellesskapet sitt handlingsprogram for å forebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet)

3. For å kunne få støtte innanfor ramma av dette programmet må prosjekta omfatte minst to medlemsstatar, gjelde for høgst to år og ta sikte på å stette dei måla som er fastsette i artikkel 2.

Artikkel 4

Tiltak innanfor ramma av programmet

Daphne II-programmet skal omfatte følgjande tiltak:

- a) identifisering og utveksling av god praksis og yrkesmessige røynsler, særleg med sikte på å gjennomføre forebyggjande tiltak og hjelp til offer,
- b) kartlegging, granskingar og forskning,
- c) feltarbeid der støttemottakarane, særleg barn og ungdom, tek del i alle fasar av prosjektutforming, gjennomføring og vurdering,
- d) skiping av tverrfaglege nett,
- e) utdanning og utforming av utdanningspakkar,
- f) utvikling og gjennomføring av program for oppfølging av og støtte til offer og risikogrupper på den eine sida og valdsutøvarar på den andre, samstundes som tryggleiken til ofra vert teken vare på,
- g) utvikling og gjennomføring av medvitsaukande tiltak retta mot særskilde målgrupper, utforming av materiale som utfyller det som alt er tilgjengeleg, eller tilpassing og bruk av eksisterande materiale i andre geografiske område eller for andre målgrupper,
- h) spreieing av dei resultata som er oppnådde innanfor ramma av dei to Daphne-programma, mellom anna gjennom at resultata vert tilpassa og overførte til og nytta av andre støttemottakarar eller i andre geografiske område,
- i) identifisering og betring av tiltak som medverkar til positiv handsaming av personar som kan verte utsette for vald, det vil seie ei tilnærming som oppmodar til å respektere dei og som fremjar velferda og sjølvrealiseringa deira.

Artikkel 5

Finansiering

1. Den finansielle ramma for gjennomføringa av Daphne II-programmet for tidsrommet 1. januar 2004–31. desember 2008 er 50 millionar euro, der 29 millionar euro skal dekkje tidsrommet fram til 31. desember 2006.
2. For tidsrommet etter 31. desember 2006 skal denne summen reknast som stadfesta dersom han for denne fasen stemmer overeins med dei finansielle overslaga som gjeld for det tidsrommet som tek til i 2007.

3. Dei årlege løyvingane skal godkjennast av budsjettstyresmakta innanfor ramma av dei finansielle overslaga.
4. Avgjerder om finansiering skal følgjast av støt-teavtaler mellom Kommisjonen og støttemottakarane.
5. Tilskotet frå Fellesskapet skal ikkje overstige 80 % av dei samla kostnadene til prosjektet. Dei utfyllande tiltaka som er nemnde i artikkel 2 nr. 2 bokstav b), kan likevel verte finansierte med opp til 100 %, men med eit tak på 15 % av det samla årlege finansielle tilskotet til dette programmet.

Artikkel 6

Gjennomføring av programmet

1. Kommisjonen er ansvarleg for forvaltinga og gjennomføringa av Daphne II-programmet, og skal sikre at alle resultat eller produkt som er finansierte gjennom dette programmet, er tilgjengelege utan vederlag og i elektronisk form.
2. Kommisjonen skal sikre at det er jamvekt mellom dei tre målgruppene, nemleg barn, ungdom og kvinner, med omsyn til gjennomføringa av dette programmet.
3. Dei tiltaka som er naudsynte for gjennomføringa av denne avgjerda med omsyn til den årlege arbeidsplanen, skal vedtakast etter den framgangsmåten med forvaltingsutval som er nemnd i artikkel 7 nr. 2.
4. Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre denne avgjerda når det gjeld alle andre saker, skal vedtakast etter den framgangsmåten med rådgjevande utval som er nemnd i artikkel 7 nr. 3.

Artikkel 7

Utval

1. Kommisjonen skal få hjelp av eit utval.
2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 4 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast, samstundes som det vert teke omsyn til føreseggene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda. Det tidsrommet som er fastsett i artikkel 4 nr. 3 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere to månader.
3. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 3 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast, samstundes som det vert teke omsyn til føreseggene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.
4. Utvalet fastset møteføreseggene sine.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 803/2004/EF av 21. april 2004 om Fellesskapet sitt handlingsprogram for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet)

Artikkel 8

Overvaking og vurdering

1. Kommisjonen skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre overvaking og jamleg vurdering av Daphne II-programmet, samstundes som det vert teke omsyn til dei allmenne og særskilde måla som er nemnde i artikkel 2, og dei særskilde måla som er nemnde i vedlegget. Kommisjonen skal seinast 1. juni 2006 leggje fram for Europaparlamentet og Rådet ein vurderingsrapport som skal fastleggje kor relevant, nyttig, berekraftig og verknadsfullt Daphne II-programmet er så langt. Denne rapporten skal omfatte ei førehandsvurdering med sikte på å støtte moglege framtidige tiltak. Dessutan skal Kommisjonen, parallellt med framlegginga av det førebels budsjettframlegget for 2007, sende over til budsjettstyresmakta konklusjonane frå den kvalitative og kvantitative vurderinga av resultata sett i høve til den årlege gjennomføringsplanen.
2. I samband med budsjetthandsaminga for 2007 skal Kommisjonen seinast 1. juni 2006 rapportere om summen for 2007–2008 er i samsvar med dei nye finansielle overslaga. Kommisjonen skal eventuelt gjere dei tiltaka som er naudsynte innanfor ramma av budsjetthandsaminga for 2007–2008, for å sikre at dei årlege løyvingane er i samsvar med dei nye finansielle overslaga.
3. Kommisjonen skal sende over ein sluttrapport til Europaparlamentet og Rådet når Daphne II-programmet er avslutta. Denne rapporten skal mellom anna innehalde informasjon om det arbeidet som er gjort i samband med dei tiltaka som er fastsette i nr. II bokstav c) i vedlegget, som grunnlag for å vurdere om det trengst vidare politiske tiltak.
4. Kommisjonen skal òg sende dei rapportane som er nemnde i nr. 2 og 3, over til Det europeiske økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet.

Artikkel 9

Iverksetjing

Denne avgjerda tek til å gjelde den dagen ho vert kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Strasbourg, 21. april 2004.

For Europaparlamentet

P. COX D.
President

For Rådet

ROCHE
Formann

Vedlegg

Særskilde mål og tiltak

I. Tverrnasjonale tiltak

1. Identifisering og utveksling av god praksis og yrkesmessige røynsler

Mål:

Å støtte og oppmuntre til utveksling, tilpassing og bruk av god praksis slik at han kan nyttast i andre samanhenger eller geografiske område

Stimulere og fremje utveksling av god praksis på fellesskapsplan med omsyn til vern av og støtte til barn, ungdom og kvinner – offer eller risikogrupper – med særleg vekt på følgjande område:

- a) førebygging (generelt eller retta mot særskilde grupper),
- b) vern av og støtte til offer (psykologisk, medisinsk, sosial, utdanningsmessig og rettsleg hjelp, hjelp til å finne bustad, flytting og vern av offer, utdanning og nyintegrering i samfunns- og arbeidslivet),
- c) framgangsmåtar for vern av interessene til barna, særleg dei som er offer for prostitusjon, og til ungdom og kvinner som er offer for vald,
- d) måling av kva faktisk verknad dei ulike formene for vald i Europa har på ofra og på samfunnet, slik at det kan reagerast på ein høveleg måte.

2. Kartlegging, granskingar og forskning

Mål:

Å granske valdsrelaterte fenomen

Støtte forskingsverksemd, granskingar på grunnlag av kjønn og alder og kartlegging av vald, med sikte på mellom anna:

- a) å studere og vurdere dei ulike årsakene, omstenda og mekanismene bak framveksten og auken av vald, medrekna bruk av tvang til å få personar til å utføre handlingar som til dømes tigging eller tjuveri,
- b) å analysere og jamføre eksisterande modellar for førebygging og vern,
- c) å utvikle praksis for førebygging og vern,
- d) å vurdere verknadene av vald, òg med omsyn til helse, både for ofra og for samfunnet som heilskap, medrekna økonomiske kostnader,
- e) å finne ut om det er mogleg å utvikle filter som kan hindre utsending av barnepornografi over Internett,
- f) å setje i verk granskingar av barn som er offer for prostitusjon, med sikte på å unngå dette fenomenet ved hjelp av betre kunnskap om risikofaktorane.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 803/2004/EF av 21. april 2004 om Fellesskapet sitt handlingsprogram for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet)

3. Feltarbeid der støttemottakarane tek del

Mål:

Å aktivt gjennomføre utprøvde metodar for førebygging av og vern mot vald

Støtte gjennomføringa av metodar, utdanningsmodular og hjelp (psykologisk, medisinsk, sosial, utdanningsmessig og rettsleg hjelp og hjelp til nyintegring) der støttemottakarane tek del direkte.

4. Skiping av berekraftige tverrfaglege nett

Mål:

Å støtte og oppmuntre til samarbeid mellom ikkje-statlege organisasjonar og andre organisasjonar, medrekna lokale styresmakter (på høveleg nivå), som er verksame i kampen mot vald

Støtte skipinga og styrkinga av tverrfaglege nett, og oppmuntre og støtte samarbeid mellom ikkje-statlege organisasjonar og ulike organisasjonar og offentlege organ for å betre kunnskapsnivået og forståinga for den rolla som begge partar spelar, og yte omfattande tverrfagleg støtte til valdsoffer og risikogrupper.

For å motverke problemet med vald skal netta særleg drive verksemd som gjer det mogleg å

- a) fastleggje ei felles ramme for å analysere vald, medrekna definisjonen av ulike former for vald og av årsakene til og alle følgjene av vald, og for å gjennomføre høvelege reaksjonar på tvers av sektorar,
- b) vurdere ulike typar tiltak og ulik praksis, òg med omsyn til effektivitet, for å førebyggje og oppdage vald, og for å hjelpe valdsoffer, særleg for at dei aldri meir skal verte utsette for vald,
- c) fremje tiltak for å løyse dette problemet både på internasjonalt og nasjonalt plan.

5. Utdanning og utforming av utdanningspakkar

Mål:

Å utvikle utdanningspakkar om førebygging av vald og positiv handsaming

Utforme og prøve ut utdanningspakkar og tiltak for å førebyggje vald mot barn, ungdom og kvinner, positiv handsaming og konflikthandtering til bruk i skolar og i utdanningsinstitusjonar for vaksne, og i samanslutningar, føretak, offentlege institusjonar og ikkje-statlege organisasjonar.

6. Utvikling og gjennomføring av program for oppfølging

Mål:

Å utvikle og gjennomføre program for oppfølging av offer og risikogrupper, som til dømes barn og ungdom som er vitne til vald i heimen på den eine sida, og valdsutøvarar på den andre sida, med sikte på førebygging av vald

Oppdage dei moglege årsakene, omstenda og mekanismane bak framveksten og auken av vald, medrekna karaktertrekka og motivasjonen til valdsutøvarar og dei som nyttar vald til kommersielle føremål, som til dømes seksuell eller ikkje-seksuell utnytting.

Utvikle, prøve ut og gjennomføre program for oppfølging på grunnlag av desse resultata.

7. Medvitsaukande tiltak retta mot særskilde målgrupper

Mål:

Å auke medvitet om og forståinga av vald og korleis vald mot barn, ungdom og kvinner kan førebyggjast, med sikte på å fremje full fordømming av vald og for å gje støtte til offer og risikogrupper, i tillegg til rapportering av valdssakar til dei rette styresmaktene

Mellom anna kan følgjande tiltak få støtte:

- a) utvikling og gjennomføring av opplysende og medvitsaukande tiltak retta mot barn, ungdom og kvinner, særleg med omsyn til moglege farar for vald og måtar å unngå dei på; andre målgrupper kan òg omfatte særskilde yrkesgrupper som til dømes lærarar, undervisningspersonale, lækjarar, ungdoms- eller sosialarbeidarar, advokatar, politistyresmakter og media,
- b) utvikling av opplysningskjelder på fellesskapsplan for å hjelpe ikkje-statlege organisasjonar og offentlege organ og informere dei om offentleg tilgjengelege opplysningar som er utarbeidede av statlege tenester, ikkje-statlege organisasjonar, universitetsinstitusjonar og andre kjelder om vald, førebygging av vald og hjelp til valdsoffer; slike opplysningar bør kunne integrerast i alle relevante informasjonssystem,
- c) oppmuntring til innføring av tiltak og særskilde tenester for å auke rapporteringa til styresmaktene av vald og ulike former for handel med barn, ungdom og kvinner med sikte på seksuell og ikkje-seksuell utnytting,
- d) fremjing av informasjonskampanjar gjennom massemedia, med vekt på fordømming av vald og støtte til valdsoffer i form av psykisk, moralsk og praktisk hjelp.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 803/2004/EF av 21. april 2004 om Fellesskapet sitt handlingsprogram for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner, og for å verne offer og risikogrupper (Daphne II-programmet)

Det vil verte oppmuntra til utarbeiding av materiale som utfyller det som alt finst tilgjengeleg, eller som tilpassar tilgjengeleg materiale til bruk i andre geografiske område eller for andre målgrupper.

II. Utfyllande tiltak

For å sikre at alle programområde vert dekte fullt ut, sjølv i mangel av framlegg – eller i mangel av høvelege framlegg – for eit visst område, vil Kommisjonen auke sin eigen innsats for å fylle ut eventuelle hòl.

Følgjeleg vil programmet finansiere utfyllande tiltak på initiativ frå Kommisjonen, mellom anna når det gjeld:

- a) å gjere det mogleg å utarbeide indikatorar på vald, slik at verknadene av politikk og prosjekt kan målast. Dette må byggje på eksisterande røynsler med omsyn til alle former for vald mot barn, ungdom og kvinner,
- b) å fastsetje ein framgangsmåte for jamleg og berekraftig datainnsamling, helst med hjelp frå Eurostat, for å gjere det mogleg å utføre meir nøyaktige målingar av kor mykje vald det er i Den europeiske unionen,
- c) å identifisere den politiske dimensjonen, der det er mogleg, i lys av det arbeidet som vert gjort gjennom finansierte prosjekt, med sikte på å gjere framlegg om ein felles politikk på fellesskapsplan med omsyn til vald, og med sikte på å styrkje rettspraksisen,
- d) å analysere og vurdere dei finansierte prosjekta for å førebu Det europeiske året mot vald,
- e) å spreie god praksis frå finansierte prosjekt i heile Europa. Dette kan oppnåast ved mellom anna å:

- i. utarbeide og spreie skriftleg materiale, CD-ROM og videofilmar, skipe nettstader og fremje kampanjar og reklameinnslag,
- ii. utplassere eller organisere utveksling frå ein organisasjon til ein annan av personale med røynsle, med sikte på å hjelpe til med gjennomføringa av nye løysingar eller ny praksis som har vist seg å vere effektive andre stader,
- iii. gjere det mogleg for ein einskild ikkje-statleg organisasjon å nytte resultat som er oppnådde innanfor ramma av dei to Daphne-programma, til å tilpasse dei eller overføre dei til eit anna EU-område eller ein annan kategori støttemottakarar,
- iv. skipe ei støttetjeneste for å hjelpe ikkje-statlege organisasjonar, særleg dei som tek del for første gong, til å utarbeide prosjekta sine, til å knyte kontaktar med andre partnarar og til å nytte og hauste føremoner av Daphne-programma,
- v. samarbeide så tett som råd med massemedia.
- f) å organisere seminar for alle aktørar som medverkar i finansierte prosjekt, for å betre forvaltninga og nettverksarbeidet og å støtte informasjonsutvekslinga,
- g) å gjennomføre granskningar og organisere møte med sakkunnige og seminar som er direkte knytte til gjennomføringa av det tiltaket som dei utgjer ein integrert del av.

I tillegg kan Kommisjonen, i samband med gjennomføringa av programmet, nytte seg av teknisk støtte frå organisasjonar som vil verte finansierte innanfor den overordna finansielle ramma for programmet, og av sakkunnige på dei same vilkåra.